

Hjelp oss å dekke barneaktivitetar.

30.04.2014



Vi er svært takksame for at Tor Edward sende oss dette bildet av flinke fotballgutar etter kampen i går.

Vi går inn i ei aktiv tid. Fotballen rullar, og det er aktivitet på mange andre frontar og. Det er alltid kjekt for uskedalen.no å dekke det som skjer. Men sjølv med aktive medarbeidrarar, er det umogelege å vera til stades over alt. Derfor ber vi om hjelp frå andre. Det er ikkje så mykje som skal til. Ei melding med bilde og stikkord er til god hjelp.

Rundt nokre lag og aktivitetar er foreldre og andre flinke å ta kontakt. Vi håpar endå fleire kan gjere det så vi får ei breiare og jamnare dekking av aktivitetane. Det er sjølv sagt kjekt om de sender ei ferdig skriven sak. Dersom ein ikkje har lyst til det, er det til veldig god hjelp om de sender eit bilde eller tre, og stikkord/samandrag over det som kan vere verd å ta med. Då er vi svært takksame, og skal prøve å ordne resten.

Meldingane kan sendast til thordossland@gmail.com eller uskedalen@knett.no. Dersom de ønskjer å sende meldinga på mobil, kan de bruke 932 88 237 på slike saker.

Elles ønskjer uskedalen.no alltid tips.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Tor Edward Taranger.